

15 27. JULI  
1978

# Fiskets Gang



# Fiskets Gang



Utgitt av Fiskeridirektøren

NR. 15 - 27. JULI 1978

64. ÅRGANG

Utgis hver 14. dag

ISSN 0015 - 3133

## INNHOLD:

Side:

- 450 Farvel til is og kasser?
- 451 Island — frende i vest.
- 452 Tre fjerdedelar av Islands eksport er fisk.  
(3/4 of Icelands export is fish).
- 454 Store forventninger til nytt norskprodusert anlegg for tank-kjøling og luftopptrekk av fisk.  
(Great expectations to norwegian-developed tank-cooling system for fish, including unloading by a current of air).
- 459 Torskestammen ved Island i alvorleg fare etter overfiske gjennom mange år.  
(The cod stock in Icelandic waters in danger due to overfishing).
- 462 Motsetnader mellom landsdelane hindrar at Island fastset torskekvote.
- 464 Totalforbod mot sildefiske, — og Island fekk silda tilbake.
- 465 Nytt på trykk.
- 467 og 474 Lover og forskrifter.
- 478 Utførselen av fisk- og fiskeprod. jan.—mai 1978.
- 479 Mengde og verdi av det norske fisket apr. 78 og jan.—apr. 1977 og 78.

Forsidefoto: Knut Andreas Skogstad (Foto viser «Naley» av Karmøy)

## Farvel til is og kasser?

Spørsmålsteiknet i tittelen er nok på sin plass. Framleis vil is og kasser vere ein vanleg måte å ta vare på fisken på før den vert foredla. Men det er all grunn til å tru at andre metodar etter kvart vil ta over, — både på sjø og land.

«Fiskets Gang» har i dag ein reportasje frå fiskeindustrianlegget til Fiskidjusamling Husa- vikur i Island. Denne bedrifta har nå tatt i bruk eit anlegg basert på oppbevaring av fisken i tank på land og med automatisk lossing av tanken med hjelp av trykkluft. Som det går fram av reportasjen er dette systemet utvikla i Norge, men er ennå ikkje tatt i kommersielt bruk her i landet. Ein kunne gjerne spørje seg kvifor ikkje vi sjølv er først ute med å ta ei norsk nyvinning i bruk. I denne omgang nøyer vi oss med å stille spørsmålet.

Oppbevaring og handtering av konsumfisk både i båt og på land har vore og er framleis arbeids- og kapitalkrevande. RSW-systemet for lagring av fisk i bulk, tank eller containar, vart rett nok ei landevinning for oppbevaring og llandføring t.d. av konsumfisk som sild og makrell. Men for større fisk som forsk, hyse og sei, har ikkje RSW-metoden vore i vanleg bruk. RSW-tanken med automatisk lossing som nyleg vart montert ved eit land-anlegg i Island, er den aller første som er tatt i vanleg bruk for større konsumfisk. Dermed er ein komne eit langt steg vidare i arbeidet med ein rasjonell lagrings- og lossemetode.

Det er resultatane frå eit interessant samarbeidsprosjekt som nå viser seg. Etter eit par år med forsøk er tida inne til å ta den nye metoden i bruk. I Island følgjer ei rekke bedrifter utviklinga med interesse for å sjå korleis det går med pioneren. Går det godt — og trua på det er stor — kan ein rekne med at lagring av fisk på RSW-tank vil slå gjennom i store delar av islandsk fiskeindustri.

Det er grunn til å merke seg at systemet som nå er utvikla for land-anlegg ikkje kjem til sin fulle rett før det kan tilknyttast eit tilsvarande anlegg om bord i båten. Det skulle vere lett å tenkje seg kor mykje arbeid og kapital som kan sparast når både båt og landanlegg kan slutte å spa is og lempe kasser. Eit anlegg for båt er nå neste skritt i arbeidet. Etter det «Fiskets Gang» kjenner til er det berre eit spørsmål om tid før eit slikt anlegg også blir ein realitet, venteleg om bord på ein norsk-prosjektert og norsk-bygd trålar.

Det ligg nær å bruke ordet revolusjon om den utviklinga ein er inne i med omsyn til handtering og lagring av konsumfisk. Rett nok må ein vere budd på at nyvinningar som her er omtala ikkje kan innarbeidast over natta og utan problem. Dette er likevel ikkje grunn nok til å bli sittande på gjerdet til andre har tatt eit solid forsprang på oss.

kas



# ISLAND

## - *frænde i vest*



Reportasje: Knut Andreas Skogstad



Klár luft, reint vatn, skarpe fargar. Dette er særtrekk for islandsk natur. Godafoss er ei av dei mange perlene. (Foto: Marit Arnesen Veimo). Øvst til venstre speidar Ingolf Arnason ut over Reykjavik.

«Fiskets Gang» har vore i vesterveg — til Island — rett nok kring 1 100 år etter at Ingolf Arnason stemnde ut frå Sunnfjord. Likefullt møtte vi eit samfunn der folket er meir medvitne om fortida si enn sjølv dei mest norske nordmenn. «Når nordmennene har gløymt sitt gamle språk, så får vi heller snakke dansk til deg», sa ein av dei vi møtte på reportasjeferda vår . . .

Vi hadde høyrte mykje godt om Island på førehand, både om folk og natur. Alt synt seg å vere sant. Vi skulle gjerne sjå kvar det finst meir gjestfrie folk enn islendingane.

Men det var fiskerinæringa vi kom for å sjå litt nærare på. I ein del reportasjer på dei neste sidene prøver vi å gje ein del glimt frå islandsk fiskerinæring nett nå. Det har ikkje vore meininga å gje noko full-

stendig bilde korkje av landet eller av fiskerinæringa i desse reportasjene og intervju. Likevel burde det gå fram at Island med sine 220 000 menneske framleis må reknast som ein av dei fremste fiskerinasjonane i verda.

Eit særtrekk for Island er viljen til å satse på nye tiltak som kan gje fordelar til industri og flåte. Trass i mange vanskar for fiskerinæringa er det optimismen som rår. Talet på «gråtekoner» i næringa er langt lågare enn i visse andre fiskerinasjonar. Sjølv om nye tiltak til dømes innan fangst- og foredlingsteknikk kan koste ein del ekstra på kort sikt, har islendingane gong på gong synt viljen sin til å satse. Eit døme på dette finn vi i reportasjen om det nye systemet med RSW-lagring og luftopptrekk av fisk på tank.

# Tre fjerdedelar av Islands eksport er fisk

USA er den desidert viktigaste marknaden

Island er ikkje blant dei største fiskerinasjonane i verda om vi ser på oppfiska kvantum. I 1977 tok isendingane vel 1,3 mill. tonn, og i alle fall 12—13 andre nasjonar tok meir enn dette. Derimot er det knapt nokon annan nasjon som er så avhengig av fiske som næringsveg. Fisk og fiskeprodukt utgjorde i fjor 73,7 prosent av den totale eksporten frå Island, og for to år sidan var prosenttalet oppe i 78,7. Dersom vi held aluminiumeksporten utanfor, den er det eit sveitsisk selskap som står for, vil fisken sin del av eksporten kome opp i heile 90 prosent.

Til samanlikning utgjer fiske-eksporten om lag 10 prosent av totalen i Noreg. Dette skulle vere ein tydeleg illustrasjon på kor viktig fiskeria er for dette landet som attpåtil må kjøpe nesten alt det treng av andre råvarer.

«Fiskets Gang» har besøkt kooperasjonen «Samband» som står for om lag ein fjerdedel av det islandske salet av frosne fiskeprodukt. Den største salsorganisasjonen er Icelandic Freezing Corporation. Samband på si side har om lag 30 medlemsbedrifter som driv filetproduksjon. I tillegg kjem ein del olje- og mjølfabrikkar. I samarbeid med ein del fryseri har Samband oppretta ei eiga verksemd i Pennsylvania i USA, Iceland Products Inc. Denne verksemda tar mellom anna mot halvfabrikata frå Island og foredlar dei vidare til ferdige produkt.

## USA er viktigaste marknad.


Eksporten av frosne filet og andre frosne varer er den desidert viktigaste. USA er klart den største marknaden for frosne fisk.

Assisterende direktør Olafur Jonsson i «Samband» fortel til «Fiskets Gang» at den totale eksporten av frosne fiskevarer til USA i fjor utgjorde om lag 68 000 tonn. Nest viktigaste marknad var Sovjet med om lag 12 800 tonn, og deretter følgjer Japan og Vest-Europa. Total eksport av frosne fisk utgjorde i 1977 om lag 91 600 tonn, noko meir enn både i 1976 og 1975.

Når det gjeld eksport av saltfisk er denne monopolisert gjennom




Maid in Iceland...



Fisk og fiskeprodukt betyr alt for Islands eksport, forklarer assisterende direktør i Samband, Olafur Jonsson (til h.). Derfor er det viktig med kvalitetsprodukt, seier sjefskontrollør Halldor Thorsteinsson (til v.).



Produksjonssjefen set si ære i å utnytte råstoffet på beste måte. Dette er prod. sjef Hallgrim Valdimarsson ved Fiskidjusamlag Husavíkur. Han er elles utdanna ved Fagskolen for fiskeindustri i Vardø.



Det nye fiskeindustrianlegget i Hafnarfjörður er eit av dei mest moderne som er bygd i det helle. (Skisse: Teiknistofa, Samband).

Union of Iceland Fish Producers. Både for tørrfisk og mjøl og olje er det fri eksport. Også Island prøver å eksportere lodde og lodderogn til konsum, og Japan har i år tatt mot eit kvantum på kring 2 500 tonn frosen lodde.

#### Nær 1/2 mill. tonn konsumfisk.

Island landa i fjor ca. 489 000 tonn konsumfisk, fortel Olafur Jonsson. Dette er 45—50 000 tonn meir enn i 1976 og 1977. Dei fire

viktigaste artene er torsk, hyse, sei og uer. Torskevantumet utgjer omkring 2/3 av konsumfisk, og desse fire artene tilsaman står for 90 prosent av konsumfisk-kvantumet. I dei siste åra har likevel fisket etter blåkveite auka monaleg, og denne fangsten kan det vere grunnlag for å auka enda meir.

#### Torsk.

Denne oppstillinga viser fangsten av torsk dei siste tre åra, og

kor stor del i prosent den utgjer av konsumfisk:

1975	265 759 tonn	60,4 %
1976	281 614 tonn	63,2 %
1977	329 701 tonn	67,4 %

Islandingane sjølv et nesten ikkje torsk, i beste fall salta, der er det hyse som er tingen når det er snakk om fersk fisk.

Hyse vart det tatt 35—36 000 tonn av siste året, dvs. gode 7 prosent av all konsumfisk.

Seikvantommet har gått nedover dei siste tre åra. Ei tilsvarende oppstilling som for torsken gir dette resultatet:

1975	61 434 tonn	14,0 %
1976	56 663 tonn	12,7 %
1977	46 973 tonn	9,6 %

I 1976 vart det gitt eit særskilt tilskot for å auka fisket etter uer, og kvantumet kom da over 41 000 tonn. Utviklinga har vore slik:

1975	38 291 tonn	8,7 %
1976	41 241 tonn	9,3 %
1977	28 200 tonn	5,8 %

#### Frysing — salting — henging.

Det skulle gå klart fram at frosne produkt er Islands spesialitet. Forordlinga av konsumfisk ser elles slik ut (i prosent av totalen):

	Frysing	Salting	Henging
1975	61,7	30,5	2,0
1976	62,2	27,1	6,4
1977	60,3	27,3	6,4

#### Stor vekt på kvalitetskontroll.

Island legg stor vekt på at kvaliteten på landet sine fiskeprodukt skal vere framifrå. I pris kan nemleg islandingane ikkje alltid konkurrere til dømes med produkt frå Noreg. Men i USA har Island taket på marknaden sjølv om dei i visse høve ligg over i pris. Særleg er restaurantar og andre storforbrukarar i USA gode kjøparar av islandsk frosenfisk.

I tillegg til det statlege kontrollverket har også Samband sitt eige kontrollapparat og likeeins har produsenten sine egne kontrolltiltak, fortel sjefskontrollør Halldor Thorsteinsson i Samband. Manglande kvalitet på produkta kan føre til at retten til produksjon blir tapt.

Offentleg tilsette inspektørar kontrollerer alle ledd i produksjonen, heilt frå båten til produktet er klart til skiping. Samband på si side driv kontroll både av produksjon, lagring og skiping, fortel Thorsteinsson.

# Store forventninger til nytt norskprodusert anlegg for tank-kjøling og luftopptrekk av fisk

Kværner Kulde A/S har levert det første anlegget til Fiskidjusamlag Husavikur i Island. Stor interesse blant islendingene for flere anlegg

*Tank-kjøling av fisk om bord i båtene er ikke lenger noe nytt. Et stort antall båter har i dag montert såkalt RSW-anlegg. For større fisk som torsk, sei, hyse osv., er RSW derimot ikke i vanlig bruk. En av årsakene til dette er mangelen av et effektivt og skånsomt losse-system. I de norske forskriftene for behandling av fisk gis det heller ikke anledning til slik bruk av RSW. Nå er det imidlertid utviklet et system som kan losse fisk fra RSW-tanker med luftbobler. «Tank-kjøling med luftopptreksbane» kan vi på litt omstendelig norsk kalle dette systemet.*

*Systemet er tenkt brukt for oppbevaring av fisken om bord i trålerne på veg fra feltet til land, men også for lagring i land. I det siste tilfellet kan det bli snakk om å lagre både usløyd og sløyd fisk. (Systemet er beskrevet i en artikkel av overingeniør Einar Sola, Fiskeridirektoratet i «FG» nr. 2, 1978).*

*Kværner Kulde A/S leverte i begynnelsen av juli det*

*første anlegget — ikke til norsk fiskeindustri — men til Fiskidjusamlag Husavikur, Husavik i Island, en bedrift innenfor den islandske kooperasjonen «Sam-band».*

*I Norge er det arbeid i nærmere 3 år med dette systemet som islendingene nå tar i bruk som de aller første. Likevel er det en norsk bedrift, Melbu Fiskeindustri, som har stått sentralt i utprøvingen av systemet. Systemet er utviklet i form av et samarbeidsprosjekt mellom Kværner Kulde A/S, Vekttron A/S, A/S Melbu Fiskeindustri og Fiskeridirektoratet. Et eget team ledet av konsulent Petter Hæstad, Vekttron A/S, ble opprettet for å arbeide med dette prosjektet.*

*Tank-kjøling av fisken kan føre til betydelige besparelser, blant annet i bruken av kasser og is, og en regner med at råstoffet blir bedre utnyttet. Mer om dette i denne reportasjen som «Fiskets Gang» har laget fra Fiskidjusamlag Husavikur.*



I den vesle fiskebyen Husavik i Island er det sjarkflåten som dominerer, bare en tråler leverer jevnlig i Husavik. Om lag tre fjerdedeler av kvantumet som kommer til Fiskidjusamlag Husavikur (til h. på bildet) blir levert av sjarkflåten.



Dette bildet er tatt på toppen av RSW-tanken, og vi ser at vannet skummer på grunn av strømningene i tanken. Fisken blir ført på luftbobler opp på opptrekk-anlegget der den legger seg på «skovlene» vi ser på bildet. Fra disse blir den ført videre til et transportbånd. Konsulent Petter Hæstad konstaterer at anlegget fungerer.

— Vi tror at dette nye tanksystemet vil gi oss store fordeler i behandlingen av fisken på land. En større del av råstoffet vil gå til filetproduksjon, og vi regner med at utbyttet av råstoffet vil øke med ca. 1 prosent. Videre kan vi jevne ut produksjonen fordi vi kan oppbevare fisken i lenger tid i land uten at den taper seg i kvalitet. Om nødvendig kan vi oppbevare sløyd fisk i tank i 10—13 dager, men oftest vil vi ha den i tank over natta eller over helgen, noe som er særlig aktuelt for oss.

Det er den unge lederen for Fiskidjusamlag Husavikur, Tryggvi Finnsson, som sier dette til «Fiskets Gang» om det nye systemet for

oppbevaring og luftopptrekk av fisk i tank, og han blir støttet av produksjonssjefen ved bedriften Hallgrim Valdimarsson.

Denne bedriften som ligger i den vesle byen Husavik på Nord-Island, om lag 10 mil fra Akureyri, er den aller første som tar det nye tanksystemet i kommersielt bruk. Men de satser åpenbart ikke i blinde. De vet at dersom systemet fungerer som det skal, kan det være millionbeløp å tjene for bedriften.

### Stor islandsk interesse

Anlegget ble montert i Husavik i begynnelsen av juli etter en meget

hektisk innspurt der både islendingene selv og representanter for den norske produsenten, Kværner Kulde A/S, gjorde sitt ytterste for å få anlegget driftsklart. «Fiskets Gang» fulgte de første virkelige prøvene med anlegget, og etter en del nødvendige justeringer, kunne vi med selvsyn konstatere at fisken ble løftet opp av tanken på luftbobler og ført over på et transportbånd som fører fisken videre til neste ledd i produksjonen.


I Island var det for øvrig meget stor interesse for det nye anlegget. Bedrifter over hele landet følger nøye med i utviklingen, og ikke uten grunn: Islandsk fiskeindustri arbeider heller ikke uten problemer, og ethvert tiltak som kan gi gevinst i produksjonen blir derfor sett på med stor interesse.

Fiskidjusamlag Husavikur er ikke av de største i Island, men bedriften er i dag preget av modernisering og utbygging. Årlig blir det tatt mot rundt 8 000 tonn fisk. Det spesielle med Husavik er at bare en tråler hører hjemme her, det meste av fangsten blir tatt av såkalte «triller». Dette er nærmest hva vi kaller sjarker, og de går ut om morgenen og kommer tilbake med fangst om kvelden. Husavik skal være det eneste stedet i Island der «trilleflåten» dominerer så sterkt.

### Godt egnet for usløyd fisk

En slik oppbygging av flåten gjør det nye tanksystemet meget godt egnet for bedriften i Husavik. Også i Island er det slik at folk ikke lenger ønsker å jobbe til alle døgnets tider og i helgene, noe som selvsagt kan skape visse vansker i mottak og produksjon av fisken.

I Husavik er det også slik at en stor del av fisken kommer til lands usløyd, og oppbevaring av fisken i tank med avkjølt vann betyr derfor åpenbare fordeler. Da kan fisken legges i tank om kvelden, og morgenen etter kan tanken losses og fisken sløyes etterhvert. Det er imidlertid ikke regelen at fisken kommer usløyd til lands i Island, det er den spesielle flåten i Husavik som gjør det slik. Direktør Finnsson foretrekker da også å få fisken usløyd frå disse båtene, ettersom sløyning om bord i slike småbåter ikke alltid gir tilfredsstillende re-




Dette er luft-inntaket til RSW-tanken. Fra det store røret blir det ført luft inn i tanken gjennom flere mindre rør.

sultat. Også saltfisker får bedre kvalitet når vi mottar fisken usløyd, sier Finnsson.

### Kvaliteten er vesentlig

Fiskidjusamslag Husavikur er organisert i kooperasjonen «Samband». Samband har sitt eget apparat for kvalitetskontroll av de produkter som de forskjellige bedriftene produserer. Mangelfull kvalitet kan føre til meget strenge reaksjoner overfor bedrift og produksjonsledelse. Sambands egen



Fra disse «skovlene» faller fisken ned på transportbånd som fører fisken til neste ledd i produksjonen.

kvalitetskontroll ser imidlertid positivt på det nye tank-systemet med tanke på kvaliteten, forteller sjefsinspektør Halldor Thorsteinsson til «FG». Vi er innstilt på å prøve dette systemet, og vil følge utviklingen nøye i tida framover, sier Thorsteinsson.

### Fra plastfisk til ekte torsk

Det var effektivt og skånsomt lossesystem for konsumfisk i RSW-tank som var utgangspunktet for prosjektet. Hos Kværner Kulde ble det bygd en prøvetank i full målestokk, der det ble brukt «fisk» som besto av pølseskinn fylt med vann. Før en kom fram til metoden med luftbobler hadde en flere mislykkede forsøk bak seg, blant annet ble det forsøkt med vanntrykk, men det var ingen suksess. Ettersom arbeidet gikk framover, ble systemet utprøvd med fisk ved Fiskeridirektoratets forsøksstasjon i Skålevik ved Bergen, og deretter til Melbu Fiskeindustri på Melbu der det er gjennomført forsøk med selve systemet, og kvalitetskontroll av fisken under lagring og av de ferdige produktene.

To av de som har stått sentralt i arbeidet med tank-systemet er prosjektleder i Kværner Kulde, John Glimen, og konsulent Petter Hæstad

som i den siste tiden har arbeidet for Kværner.

De to legger ikke skjul på at de har møtt mye hoderysting og skepsis mens de har holdt på med prosjektet. Men som Hæstad sier: «Vi har vært nødt til å tenke på en ny måte når det gjelder behandling av fisk». Slike nye tanker — også bokstavelig talt — vil alltid møte motstand hos allerede etablerte systemer og inngrodde oppfatninger om hva som er rasjonelt.

### Kuldemaskineriet

La oss se litt nærmere på hvordan tank-kjølingen og luftopptrekket fra tanken fungerer. Kuldemaskineriet består i hovedsak av en vannkjøler, en kjølekompressor bl.a. med kondensator, og et sirkulasjonssystem for vannkjølingen der det er et filter med stor kapasitet som gjennomspyles (såkalt selvrensende filter). Kjølevannet går inn i bunnen av tanken og fordeles seg jevnt i hele tanken for deretter å sirkulere tilbake til filter og vannkjøler. Kuldemaskineriet har elektronisk temperaturkontroll som ikke gir større avvik enn 0,5° C fra ønskelig temperatur. Anlegget er også sikret på tre måter mot å fryse i stykker.

### Luftopptrekket

Prinsippet for luftopptrekket er at en ved hjelp av luftbobler løfter fisken fra tanken og over til en opptrekkbane som fører den videre. Boblene har stor løfteevne, og de lager også sirkulasjon i tanken. Systemet er for øvrig basert på en oljefri luftkompressor.

Dette systemet gjør at vi får fisken ut av tanken på en meget skånsom måte, sier konsulent Hæstad. Fisken får ikke slag og støt slik som det ofte skjer ved manuell behandling. Det er også fullt mulig å regulere hvor raskt tanken skal tømmes for fisk.

— Hvor hurtig kan en slik tank tømmes, Hæstad?


— Det skal ta 1 time å losse 60 tonn. Det vil si at tanken i Husavik som har en kapasitet på ca. 25 tonn, kan tømmes på rundt en halv time.

### Nedkjølings-kapasitet

— Hvilken nedkjølings-kapasitet har anlegget, prosjektleder Glimen?

— Normal kapasitet vil være å





Dette bildet viser en del av de tekniske installasjonene i forbindelse med tanksystemet i Husavik.

trekke temperaturen ned fra 8—10° C til 0° C på 4 timer. Kjøleanlegget arbeider for øvrig automatisk, og er meget enkelt å betjene.

— Hvilken temperatur skal fisken oppbevares i?


— Ved bruk av sjøvann anbefaler vi en temperatur på  $\pm 1^{\circ}$  C. Dersom det blir brukt ferskvann, bør temperaturen ligge på 0° C. Dette er gunstige temperaturer ettersom fiskens holdbarhet fordobles fra  $+1^{\circ}$  C til  $\pm 1^{\circ}$  C.

Ved anlegget i Husavik blir det benyttet ferskvann, og det er ikke regnet som falt i fjor, men grunnvann som er 10 000 år gammelt! Ved bedriften regner de med å tilsette dette vannet ca. 2 prosent salt, hvis de skal lagre fisken ved minusgrader. Glimen tror at ferskvann kan gi litt bedre kvalitet, men forutsetningen er da kort lagringstid.

### Ikke bare torsk

Ved anlegget i Husavik er det naturlig nok torsken som kommer til å dominere, men systemet er di-

menjonert for fisk på opptil 1,10 m i lengde, og kan således benyttes til de fleste vanlige fiskearter. Teknisk er det heller ikke noe i veien



Denne skissa viser prinsippene for hvordan RSW-tanken blir losset.



«Den greidde vi fint, Gudbjørn», sier prosjektleder John Glimen i Kværner Kulde (til h.) til den islandske montøren.

for å benytte lignende anlegg til for eksempel reke og lodde.

Heller ikke tankstørrelsen har noen grense nedover eller oppover som kan begrense den praktiske bruken av systemet. En enkelt tank kan ellers deles opp i skott for forskjellig slags fisk, men i så måte kan det være en fordel å benytte seg av flere mindre tanker i stedet for en stor. Flere tanker kan gi mer fleksibel drift.

### Driftsøkonomien

Dersom vi ser på utgiftene til en isfabrikk og bruk av kasser, er det klart at dette tanksystemet blir et billigere alternativ. Om vi ser på driftskostnadene blir resultatet enda mer positivt for tank-systemet, sier John Glimen. Det er imidlertid en uttrykkelig forutsetning at et anlegg basert på tank blir dimensjonert riktig og at det blir brukt riktig. Et tank-system som dette må i hvert tilfelle tilpasses de lokale forhold på hver bedrift for å gi best mulig resultat.

### Rengjøring

Både tank, kjøler og filter er konstruert slik at de er lette å rengjøre. Hele anlegget bør spyles og rengjøres 1 gang i uken, og det bør tilsettes kjemikalier til nedbryting av bakterier. Når anlegget er i arbeid, blir det for øvrig stadig tilført nytt friskt vann.

Selve tanken som blir brukt i

Husavik er bygd i stål av et lokalt verksted etter Kværners tegninger. Tanken er sandblåst, metallisert og malt med en særlig bestandig maling. Tanken har dobbel bunn laget i aluminium.

### Bør ha flere tanker

En bedrift bør nok ha flere tanker satt i system for å kunne sortere

fisken godt nok. Det bør heller ikke være for stor kvalitetsforskjell på fisk som blir oppbevart i samme tank. Fisk med dårlig kvalitet vil da «smitte» fisk med god kvalitet.

I Husavik skal det monteres en tank til med det første, og seinere vil anlegget få ytterligere to tanker.

### Utviklingen vil ta tid

Selv om tank-systemet som vi her har omtalt betyr et meget stort framskritt i behandlingen av fisk på land, vil det utvilsomt ta noe tid før systemet bryter helt gjennom. Bedriftene vil nok vente og se hvordan systemet lønner seg for pionerene.

Virkelig full nytte av systemet vil en ellers få når tanksystemet i land kan kobles med tankanlegg om bord i båtene. Dette er neste skritt i arbeidet. Direktør Tryggvi Finnsson i Fiskidjusamlag tror likevel det vil ta noe tid før de islandske trålerne legger om. Investeringene i trålerflåten i Island har vært store de siste årene. Likefullt, dersom fordelene med tank om bord viser seg å bli store nok, behøver det ikke gå lang tid før også trålerne sier takk og farvel til is og kasser, med de lettere arbeidsvilkår dette vil gi for mannskapet.



Javisst, systemet fungerer! En sliten, men glad gjeng nordmenn og islendinger kan slå fast at luftboblene virkelig løfter fisken opp av tanken. Som nr. 2 fra venstre finner vi den dyktige lederen for anlegget i Husavik, Tryggvi Finnsson, og til h. for han, konsulent Petter Hæstad. De øvrige er en del av den iherdig monterstaben, bl.a. nordmannen Helge Helgesen som nr. 2 fra høyre.

Havforskningsdirektør Jon Jonsson:

## Torskestammen ved Island i alvorleg fare etter overfiske gjennom fleire år

Regjeringa går ikkje med på å kvoteregulere fisket trass i skarp åtvaring frå havforskarane

— Torskestammen ved Island har synt klar nedgang dei siste åra. Dette har gått klart fram av Havforskningsinstituttet sine undersøkelser. For lenge sidan har vi åtvara Regjeringa mot det overfisket som har skjedd på torskestammen. Vi har tilrådd å sette ein totalkvote for torskefisket, men Regjeringa har ikkje gått med på dette. Torskestammen er i dag inne i ei farleg utvikling. Gytebestanden ligg på omkring 200 000 tonn, mot 700 000 tonn i 1970. På alle mulige måtar må vi stoppe nedgangen i gytebestanden, slik at torskestammen kan byggast opp att så fort som råd, seier havforskningsdirektør Jon Jonsson til «Fiskets Gang».

Torsken er vere eller ikkje vere for islandsk fiskerinæring, ja for landet i det heile. Eit samanbrot av torskestammen kan gjere uboteleg skade også på islandsk økonomi. Den islandske regjeringa har sett i verk ei rekke tiltak for å verne om torskestammen, men desse tiltaka er tydelegvis ikkje nok. Sjølv etter sigeren i torskekrigen i 1975 har torskestammen halde fram å minke.

Tidlegare var det vanskeleg å innføre nokon nasjonal torskekvote ettersom britane og andre kunne fiske fritt utanfor Island. Men etter at Island oppretta 200 miles økonomisk sone i oktober i 1975 har ikkje islendingane lenger noko orsaking for å la vere å innføre ein totalkvote.

Alt i 1967 var det teikn på at torskestammen ikkje utvikla seg



Havforskar Hilmar J. Hauksson ser på kontakten med fiskarane som svært viktig. Hauksson er stasjonert i Husavik og her er han i arbeid ved Fiskidju-samiag Husavikur.


godt, men først i 1972 var teikna så klare at havforskarane reagerte. Ei internasjonal arbeidsgruppe konkluderte da med at torskefisket i nord-Atlanteren burde reduserast med 50 prosent, dette gjaldt også fisket på den islandske torskestammen. I 1975 kom så dei islandske havforskarane med den såkalla «svarte rapporten». Her vart det tilrådd eit fiske på 230 000 tonn av den islandske stammen i 1976. Det reelle fisket synt seg å bli om lag 350 000 tonn.

**Tilråding om 270 000 tonn i år.**

Havforskningsinstituttet har tilrådd at det ikkje bør fiskast meir enn 270 000 tonn torsk i 1978. Til samanlikning viser førebels tal at Island fiska 325 000 tonn i 1977. Der- som vi ser på fisket lenger tilbake, finn vi at totalfangsten av torsk så seint som i 1970 var på over 470 000



Havforskningsdirektør Jon Jonsson ser med stor uro på utviklinga av torskestammen ved Island.



Island driv etter måten stor forskingsinnsats på fiskeressursane, og har mellom anna fire forskingskip. Dette er eit av dei, «Bjarni Sæmundsson».

tonn, men etter dette har fangsten gått nedover kvart år fram til nå. Rekordkvantumet vart tatt så langt tilbake som i 1954 med heile 547 000 tonn. Av dette tok Island sjølv 306 000 tonn.

#### For stort fiske av umogen torsk.

Havforskningsdirektør Jonsson peikar også på eit anna trekk i torskefisket. Tidlegare var fangsten samansett av 2/3 kjønnsmoden fisk og 1/3 umogen fisk. I dag er

dette snudd heilt om, noko Jonsson ser som svært uheldig. Dette fiskemønsteret tyder at ein for stor del av fisken aldri blir så gammal at den blir kjønnsmoden. Til dømes veit havforskarane at årsklassen frå 1970 var god, men mykje tyder nå på at denne årsklassen er blitt oppfiska før den vart kjønnsmoden.

#### Auka maskevidde og områdefreding.

— Sjølv om det ikkje er innført totalkvote i torskefisket, så er det likevel sett i verk andre vernetiltak, Jonsson?

— Ja, det er rett, og eg verdset avgjort desse tiltaka. Mellom anna er maskevidda i trål auka til 155 mm, og i snurrevad er den auka til 170 mm. Også minstemåla på fisken er auka. for torsk er det nå eit minstemål på 50 cm, for sei på 50 cm og for hyse på 45 cm.



Islandingane er stolte over å ha vunne torskekrigen med Storbritannia, men det var ingen spøk så lenge det varte. Her ser vi den britiske båten «Lloydsman» på full fart mot det islandske oppsynsskipet «Tor». To gongar vart «Tor» pårent. (Foto er henta frå «Cod War III» utgitt av Fiskeridepartementet i Island).

— De har også eit system for freding av særskilde område?

— Ja, vi har fleire typar slik freding. Om bord i trålarane vert det til dømes plassert tilsynsmenn som måler fisken. Dette er gjerne røynde folk som fiskarane respekterer, og når desse tilsynsmennene finn ut at innblandinga av småfisk er for stor kan Havforskningsinstituttet på eiga hand stenge eit bestemt område for fiske. Slik stenging kan vi gjennomføre på eit par timars varsel, og fiskarane får melding i radio. Området kan ikkje stengast i meir enn ei veke. Dersom stenginga skal vare lenger, er det Fiskeridepartementet som må avgjere dette.

I tillegg til dette er ein del område stengt for fiske i gytasesongen, og fleire område er stengt for alt fiske heile året. Det har også vore innført såkalla «torskefrie veker», men direktør Jonsson meiner at desse fri-veke har hatt liten praktisk verknad: Tidspunkta

for fiskestoppen har ikkje vore dei rette, seier Jonsson, og han ser på dei torskefrie vekene meir som «skuebrød» frå styresmaktene.

#### Stor forskingsinnsats.

Havforskningsinstituttet i Reykjavik, eller Hafrannsóknastofnunin som det heiter på islandsk, er eit sjølvstendig institutt, og har om lag 100 tilsette. Kring 25 av desse er havforskarar. Budsjettet er på kring 20 mill. norske kroner, og instituttet har fire forskingskip. I desse dagar er den tidlegare polske trålar og forsøksbåten «Baldur» ombygd til forskingskip, og har venteleg fått namnet «Haftor». «Baldur» gjorde seg elles kjend i torskekrigen i 1975 som ein uvanleg sterk båt. Ein engelsk fregatt som prøvde å renne «Baldur» i senk, måtte sjølv dra seg attende etter at den vart flerra opp som ein sardinboks!

Havforskningsinstituttet sine forskarar vert stort sett utdanna utanlands, særleg i Vest-Tyskland, Norge og Storbritannia. Direktør Jonsson er sjølv utdanna i Norge, og han har leia instituttet i Reykjavik sidan 1952.

#### Godt tilhøve fiskar — forskar.

I Island er tilhøvet mellom fiskarar og forskarar godt. Direktør Jonsson seier det rett nok slik at på Island er det like mange fiskeribiologar som det er fiskarar, men den gjensidige respekten er stor, seier han. Jonsson peikar på at det nok er større usemje mellom Regjeringa og forskarane.

Havforskar Hilmar J. Hauksson som vi møtte i Husavik la også stor vekt på kontakten med fiskarane. Han streka under at kontakten må gå begge vegar. Fiskarane i dag er meir innstilt på at fisken skal «dyrkast», ikkje omsynsløst jaktast på slik om før.

## Fiskets Gang

PUBLISHED BY  
THE DIRECTOR-GENERAL OF FISHERIES

P. O. Box 185/186,  
N-5001 BERGEN, NORWAY

The annual subscription rate for the 26 issues is Nkr. 90.— for the Scandinavian countries. Outside Scandinavia the rate is Nkr. 110.—.

Air Mail against charge of extra air postage.

Fiskets Gang is the only official Norwegian journal for the fishing industry. Fiskets Gang is published fortnightly, and has subscribers all over the world.

In Fiskets Gang you will find reports on the Norwegian fisheries with detailed statistics. The statistical part also comprise information on the Norwegian exports of fishery products.

You will be kept well informed of new Norwegian legislation regarding the fishing industry, and of other announcements of interests. Progress reports from the Research Institutes are published frequently. You will also be able to study the results of investigations into costs and earnings in the industry. Articles of special interest are published in every issue of the journal.

Translated «cuttings» from fishery publications from all over the world are presented under a special heading. News from other sources is also given under this heading.

The text is in Norwegian. Key words in English to aid understanding of the text of table headings and columns are given at regular intervals.

To FISKETS GANG, Directorate of Fisheries, P.O. Box 185 136, N-5001 Bergen, Norway.

Please add my/our name and address to your subscription list.

Please forward advertisement rates and necessary information on technical details.

Name: .....

Address: .....

# Motsetnader mellom landsdelane hindrar at Island fastset torsk kvote

Delar av den islandske fiskeindustrien i store økonomiske vanskar, særleg i sør.



Fiskeridirektør Mar Elisson i Fiskifelag Islands ser ikkje berre lyst på situasjonen for islandsk fiskerinæring nett nå. Delar av industrien strir med store økonomiske problem.

Etter fleire torskeringar der andre land vart kasta ut av islandsk sone, kunne ein kanskje vente at Island ville fastsette ein kvote også for sitt eige torskefiske. Dette har likevel ikkje skjedd, trass i at bestanden har minka monaleg. Rett nok er det sett i verk ei rad andre tiltak for å verne om torske-stammen — dette er omtala i ein annan artikkel i dette nr. av FG — men nokon torsk kvote har det vore uråd å få til.

Ei av årsakene til at det ikkje er fastsett nokon kvote for det islandske torskefiske, er ulike interesser mellom landsdelane i Island, seier fiskeridirektør Mar Elisson til «Fiskets Gang». I den nordlege delen av Island har torskefiske gitt godt resultat dei siste åra, men på sørvestlandet har fisket slått feil på grunn av nedgangen i torskestammen.

I sør er ein derfor særleg interessert i tiltak som kan gje auke i råstofftilførselene, medan ein i nord tydelegvis ikkje er interessert i reduksjonar nå sjølv om det skulle gi auka utbytte på lenger sikt.

Fiskifelag Islands, som Elisson er leiar for, har også lagt fram forslag om å avgrense trålfiske etter torsk i fire månader om sommaren,

men heller ikkje dette har ført fram.

Fiskeridirektør Mar Elisson slår fast at mange av dei minste islandske båtane har gjort det godt etter at Island utvida til 200 miles økonomisk sone. Dette har samanheng med at torsken nå kjem nærare kysten i den nordlege delen av landet, og dermed vert den lettare å få tak i for dei mindre båtane. I sør har dei små båtane derimot fått vanskar. Tyngdepunktet i fisket er i det heile blitt flytta nordover dei siste åra. Dette får sjølv sagt konsekvensar også for industrien.

## Industrien i sør i stor fare.

— Heile fiskeindustrien i Island har problem mellom anna på grunn av den kraftige inflasjonen, men særleg i sør er industrien verkeleg i fare, seier fiskeridirektør Elisson. Industrien kan heller ikkje stole på at statstilskot skal hjelpe på situasjonen. Den islandske fiskerinæringa er bygd opp slik at næringa skal finansiere seg sjølv. Det er den desidert største næringsgreina i landet, og kan naturleg nok ikkje vente å få hjelp av eventuelle overskot i andre mindre næringar.

Subsidiar er såleis eit ukjent fenomen i islandsk fiskerinæring. Derimot er det oppretta eit fond der dei ulike greinene av fiskerinæringa kan få lån. Det er Fiskefelag Islands som administrerer dette fondet som blir finansiert gjennom avgifter.

## Silda kan hjelpe industrien.

Den sommargytande silda kan kome til å hjelpe industrien i sør ut av dei verste vanskanene. Dette fisket skjer i områda utanfor den sørlege delen av landet, og produksjonen av salt og frossen sild kan få mykje å seie. Marknaden er likevel avgrensa for denne silda. Til nå har forbode mot fiske etter nord-sjøsild gjort silda etterspurd. Men når fisket etter atlanto-skandisk sild kjem i gang for alvor, er islendingane redde for at denne silda vil overta markanden. Den atlanto-skandiske silda har betre kvalitet enn den sommargytande islandske silda.

## Trålarane har gjort det godt.

Dei islandske trålarane, 76 i talet, har gjort det godt dei siste åra. Flåten er ny og moderne. Trålarane



Den islandske kystvakten er ikkje å spøke med, — det fekk britane røyne i torskeringane. Nå er det stort sett nasjonale reguleringar kystvakten kontrollerer. Her legg «Ægir» ut på nytt tokt.



